



Utval og politiske parti i Radøy, Meland og Lindås kommunar

Referansar:

Dykkar:

Vår: 17/1765 - 19/8142

Saksbehandlar:

Katarina Birkeland

katarina.birkeland@radoy.kommune.no

Dato:

19.05.2019

Høyringsuttale på politisk styringsstruktur for ungdomsråd

Me i ungdomsråda frå Meland, Lindås og Radøy har fått moglegheita til å uttale oss om korleis me vil at ungdomsrådet i Alver kommune skal vere. Men når fellesnemnda frå dei tre ungdomsråda skulle leggje sitt forslaget frem for utvalet i Alver, var det berre ein frå utvalet som kom. Fellesnemnde låg frem sin meining og Radøy ungdomsråd sendte i ettertid inn uttale på kva me ynskja. Når forslaget no frå utvalet kom ut til høyring, følte me oss absolutt ikkje høyrte der forslaget er langt frå det me har lagt frem.

Når ein ser på medlemmar frå ungdomsskulen så er det er like mange frå Lindås som det er frå Meland og Radøy til saman. I kommunestyre er det lagt opp til at det ikkje skal vere fleirtal frå ein av dei gamle kommunane, så kvifor er det sånn i ungdomsrådet? Me i Radøy Ungdomsråd tenkjer at det i byrjinga ikkje skal leggest vekt på innbyggartal og elevtal på skulane, men heller fokusere på å få eit aktivt råd på tvers av kommunane. Ein kan heller endre vedtektene etterkvart som ein ser kva som fungerer best, sånn som de gjerast i dagens ungdomsråd.

Om det skal vere så få frå kvar skule, blir det lett at du må vere populær for å få vere med i ungdomsrådet, og det er kanskje dei som verkeleg vil det, som ikkje får sjansen. Det vert heller ikkje så stor variasjon av ungdom i rådet. Om ein har eit større råd, er sjansen for at ungdommane driv med ulike ting på fritida, og det aukar sjansen for å få inn uorganiserte ungdom. Då kan rådet lettare jobbe for alle barn og ungdoms interesser.

Både i første møte mellom fellesnemnde og den eine frå utvalet og i uttalesen til Radøy ungdomsråd, vart det lagt frem at me ynskja oss eit større råd. Men sånn som forslaget er no, er rådet krympa godt ned. Me stiller oss då spørsmålet korleis dette skal gjere at fleire ungdom engasjerer seg? Me tenker at det er akkurat det motsette som skjer. Me er redd for at det er mange som er engasjerte som ikkje kjem til å få sleppe fram, og få den same moglegheit til å vere aktiv i den nye storkommunen. Ein synest det er bra at ungdom bryr seg og er engasjert, men dette forslaget reduserer moglegheita vår for å vere det.

Det at ein får pengar for å delta på møte er noko me i Radøy ungdomsråd er ueinig med. Me meiner at dette kan gjere at ein vert med i ungdomsrådet for pengane og ikkje fordi at ein er engasjert. Det

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

er andre metodar å gje godtgjersler på enn med å betale for deltaking på møter. Me lurar på om de har sjekka opp med andre ungdomsråd som bruker denne metoden om det fungerer?

Vårt forslag var eit råd med 23 representantar, og at det i rådet vert sett saman fire utval som arbeider med sone fagområde som til dømes er 1: helse, 2: oppvekst, 3: kultur, idrett og fritidstilbod og 4: samfunn og miljø.

Vårt nye forslag er:

Radøy ungdomsskule; 4 medlemmer + 3 varamedlemmer
Meland ungdomsskule; 2 medlemmer + 2 varamedlemmer
Rossland ungdomsskule; 2 medlemmer + 2 varamedlemmer
Danielsen ungdomsskule; 1 medlem + 1 varamedlem
Knarvik ungdomsskule; 3 medlemmer + 3 varamedlemmer
Lindås ungdomsskule; 2 medlemmer + 2 varamedlemmer
Ostereidet ungdomsskule; 2 medlemmer + 2 varamedlemmer
Nordhordland kr. grunnskule; 1 medlem + 1 varamedlem
VGS: 6 medlemmer

Me er ikkje einige i at det skal valt inn representantar frå lag og organisasjonar, men heller auke på representantar på VGS. Me synst det er veldig synd at eit ungdomsråd som er så aktiv og engasjert som Radøy, med over 18 deltakararar på møter skal gå ned til å bare ha 1 fast representant, og då teller me ikkje med bare dei 3 som kan verte valt inn frå VGS.

Me føler oss veldig lite høyrte i denne saken og ikkje tatt på alvor. Me synst dette er ein veldig dum start for oss unge i startfasen til vår nye kommune. Ungdomsrådet på Radøy har dei siste åra arbeidet for ei aktiv deltaking, noko me har lukkast med. Dette forslaget føler me er som å starte på nytt, og at alt arbeidet og innsatsen vår er bortkasta.

Skrevet av

Vilde Kvamme
Radøy ungdomsråd

Med helsing

Katarina Birkeland
ungdomskoordinator

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arthur Kleiveland

Mottakarar:

Utval og politiske parti i Radøy,
Meland og Lindås kommunar